



Det kongelige kunnskapsdepartement

Postboks 8119 Dep  
0032 Oslo

Vår dato: 30.04.2008

Vår ref.: 2008/76

Deres dato: 28.01.2008

Deres ref.: 200800545-/KOE

Saksbehandler :JA

**Høyring - Innstilling frå Stjernø - utvalet NOU 2008:3 Sett under ett - ny struktur i høgre utdanning**

Vedlagt følger høringsuttale om Stjernøutvalget sin innstilling fra Høgskulen i Volda vedtatt i styremøte 24. april 2008.

Med vennlig hilsen

Jørgen Amdam  
Rektor

## Høyringsfråsegn frå høgskulen i Volda om Stjernøutvalet si innstilling

### *HVO si situasjonsvurdering*

Høgskulen i Volda er ikkje overtydd om at utvalet sin omtale av situasjonen innan høgare utdanning og forskning er treffande på alle punkt. Utvalet har sterkt fokus på aldersgruppa 20 til 24 år, noko utvalet sine forslag ber tydeleg spor av. Analysen av utfordringane innan livslang læring og etter- og vidareutdanning er vag og spesielt lite knytt til utfordringane innan utdanning til velferdsstatens yrker. Vi saknar omtale i innstillinga av korleis institusjonane kan leggje betre til rette for livslang læring og etter- og vidareutdanning. Ungdomskulla aukar fram til 2015 og går deretter ned, men vil likevel liggje over dagens nivå. Det er og grunn til å tru at etterspurnaden etter høgare utdanning vil halde seg oppe på grunn av aukande behov for etter- og vidareutdanning slik arbeidslivet utviklar seg med meir eller mindre kontinuerlege krav til omstilling. Utvalet ser ikkje ut til å ha tatt inn over seg at det blir stadig fleire studentar som er eldre enn 20-24 år. Desse eldre studentane er mindre mobile og vel gjerne studium som ligg nær der dei bur og som er lagt til rette som deltidsutdanningar. Vår vurdering er at skal ein fylle framtidige behov innan samfunn og arbeidsliv, må det vere geografisk nærleik mellom kompetansmiljø og samfunn/arbeidsplass for å få til høg innovasjon og dynamikk. Dette krev spreing av forskings-, utviklings- og utdanningsressursar.

Høgskulen i Volda gjer merksam på at ressursane som i dag er brukt til FoU og høgare utdanning utanom dei store og mellomstore urbane miljøa er svært små, truleg for små sett i forhold til utkantsamfunna sine spesielle behov. Samstundes er det også mange små og svake fagmiljø og stor fragmentering ved universiteta, noko utvalet ikkje omhandlar i særleg grad. Vi meiner at spreing av ressursar til små lærestadar ikkje er hovudårsak til eventuell dårleg kvalitet, for låg produktivitet m.m. i forhold til andre samanliknbare land. Spesielt vil vi peike på at det har skjedd ei betydeleg kompetanseheving og produktivitetsauke innan FoU ved dei små lærestadene dei siste åra. Når det gjeld **utviklinga av utdanningstilbod på master- og doktorgradsnivå** på høgskulane, kan det hende at det er blitt for mange grader med få studentar. Utviklinga av mastertilbod var ein naturleg følgje av kvalitetsreforma og har stort sett hatt positive verknader for høgskulane. Den har stimulert kompetanseutviklinga og har gjort det lettare å halde på og rekruttere toppfolk. Dersom det ikkje hadde vore mogeleg å tilby utdanning på høgare nivå enn bachelor, ville vi ikkje vore attraktive nok for fagfolk med førstekompetanse/professorkompetanse. Mest truleg vil det skje ei sanering av tilboda etter kvart. Vi vil og hevde at det ligg ein skeivskap i analysen til utvalet. Det verkar som om det i første rekkje er høgskulane som blir fokuserte når det gjeld problema. Universiteta har ikkje vore gjenstand for det same kritiske blikket. Det finst t.d. mange masterstudium der som har relativt få studentar.

Ved HVO har spesielt dei samlingsbaserte masterutdanningane tilrettelagt for yrkesutøvarar ved våre profesjonsutdanningar vore vellukka ut frå studenttal, kontakt med arbeidslivet og spesielt for å fylle regionale og individuelle kompetansebehov. Desse tilboda er spesielt retta inn mot livslang læring og etter- og vidareutdanning for dei over 30 år. For etablerte arbeidstakarar som treng vidareutdanning betyr nærleik til studiestad og fleksibel studieorganisering mykje. Skal velferdsstaten sine framtidige behov for lærarar, førskulelærarar, sosialarbeidarar, administratorar, leiarar m.m. kunne dekkast er det ikkje nok med grunnutdanning av dei under 25 år, ein betydeleg vidareutdannings- og omskoleringsinnsats må til, noko høgskulane i distrikta alt er i gang med. Tilsvarande er det store behov for forskning, innovasjon og praksisbasert utviklingsarbeid i nærkontakt mellom samfunnsliv og kompetansmiljø.

Det er for lite **samarbeid** mellom institusjonane i dag. Det ligg ikkje insitament til det i dagens finansieringsordning. Situasjonen er prega av auka konkurranse om studentar og ressursar.

Konkurranse kan verke skjerpande på ein institusjon. Men vi saknar insitament som kan dempe konkurransen noko og stimulere meir til samarbeid og samordning

Det er også rett at **søkinga** til mange studiestader er for svak. Det er for lite konkurranse om å kome inn på viktige studium. Det kan hende at ein del studietilbod er for mykje spreidd ut over landet. Men det har vore ein bevisst politikk i Norge at det skal finnast tilbod innan viktige grunnutdanningar (profesjonsutdanningar) i alle delar av landet. Ein del av forklaringa på den svake søkinga kan og vere sviktande status til sentrale yrke i velferdsstaten. Søkinga til desse yrka har gått ned dei fleste stader, ikkje berre i distrikta (sjølv om nedgangen er størst her). Om **kvaliteten** er sviktande i fleire sentrale utdanningar kan diskuteras. Det som vi kan einast om, er at den ofte ikkje tilfredsstillar dagens krav slik dei er definerte av m.a. NOKUT og i arbeidslivet. Men ser vi utviklinga over tid, vil vi hevde at det er skjedd ei positiv kompetanseutvikling i mange fagmiljø med ansvar for sentrale profesjonsutdanningar. Det er rettare å seie at kompetanseutviklinga ikkje er gått fort nok enn å hevde at kvaliteten er sviktande. Dersom vi ser på utviklinga i høgskulegruppa etter kvalitetsreforma, kan vi hevde at den har vore relativt vellukka med omsyn til kompetanseheving for dei tilsette og auka FoU-produksjon. Det er langt fleire fagtilsette med førstekompetanse i dag enn for fem år sidan. Ved HVO har t.d. 43 % førstekompetanse. I 2007 auka FoU-produksjonen i følgje data lagt inn på Databasen for høgare utdanning tre gongar meir i høgskulegruppa enn i universitetetsgruppa. Men fordi krava til kvalitet er blitt skjerpa, trengst det økonomiske verkemiddel for å stimulere til ei raskare utvikling.

Vi er også samde i at institusjonane er for lite **utoverretta**. Likevel vil vi peike på at noko har vore gjort her gjennom presiseringar i lova, målstyringsdokumentet frå KD og eksternt styrerepresentasjon. Mange institusjonar kan vise til stor og aukande eksternt finansiert verksemd – særleg når det gjeld etter- og vidareutdanning. Dette kan vere eit brukbart mål på kor utoverretta ein er. Samstundes har til dømes høgskulen i Volda stor samfunnsaktivitet i kraft av tilsette og studentar sine aktivitetar i frivillige lag og organisasjonar, foredragsverksemd, styreverv m.m. Høgskulemiljøet i Volda har også omfattande aktivitet innan opplæring til, rettleiing i og evaluering av offentleg omstilling og utviklingsarbeid, spesielt i kommunar og fylkeskommunar. Men det er truleg behov for fleire verkemiddel og haldningsendringar for å styrke utviklinga.

### ***Hovudpunkt i høyringsfråsegna***

Høgskulen i Volda støttar ikkje fleirtalet i Stjernøutvalet sine forslag innan følgjande område:

- Tvungen samanslåing av institusjonar til 8-10 universitet. Samanslåing må vere frivillig. Høgskulen i Volda meiner at nettverksmodellen må leggest til grunn.
- Fleirtalet sitt forslag om endring av dagens styrings- og leiingsstruktur. Forslaget er perifert i forhold til mandatet til utvalet og svakt grunnlagt.
- HVO er mindre kritisk til rammeplanar enn utvalet, det er viktig å få god balanse mellom behova for nasjonale standardar og institusjonen sin fridom til å organisere undervisninga.

Høgskulen i Volda er samd med fleirtalet innan desse områda:

- Behovet for spesiell satsing på dei kortvarige profesjonsutdanningane. Men vi meiner at det er feil at satsinga skal konsentrerast til eit fåtal institusjonar. Midlane må nyttast til å heve kompetansen til alle kortvarige profesjonsutdanningar og spesielt i distrikta.
- Behova for å endre finansieringssystemet ved å dempe resultatdelen, gjere basisløyvinga meir transparent og rettferdig, men basisløyvingane må ikkje reduserast. Den strategiske undervisningskomponenten må finansierast med friske midlar. Like eins må ein finne måtar å stimulere samarbeidet med regionalt samfunns- og arbeidsliv.
- Stimulering av samarbeid og nettverksbygging, noverande finansieringssystem er i stor grad eit hinder for samarbeid til dømes med regionale forskingsverksemder og andre høgskular og universitet.
- Sterkare satsing på forskarskular som nettverk, men desse må organiserast med samlingar og med høgskulane som likeverdige partnarar og stipendiatar må halde på tilknytninga til sin institusjon.
- Akkreditering for å bli universitet
- At Noreg ikkje skal ha eliteuniversitet

### ***Utvalet sin situasjonsomtale og forståing av utviklingstrekk***

Utvalet viser til utviklinga i ein del andre land der tendensane er konsentrasjon av faglege og økonomiske ressursar til større miljø. Fleire land utviklar også toppuniversitet. Stjernøutvalet er opptatt av at Noreg ikkje bør gå i motsett retning. Utvalet sin situasjonsomtale av utviklingstrekk i norsk høgere utdanning kan samanfattast slik:

Svak rekruttering til mange studiestader

Sviktande kvalitet i fleire sentrale utdanningar

Spreiing av utdanningar og fagmiljø

Fragmentering av utdanningstilboda på master- og doktorgradsnivå som blir forsterka av gjeldande kriterium for akkreditering som universitet

Ressursar vil bli dreia vekk frå bachelornivået og over mot master- og doktorgradsnivået

Skiljet/arbeidsdelinga mellom høgskular og universitet er i ferd med å bli brote nede

Auka konkurranse om studentar, tilsette og forskingsmidlar

For lite samarbeid, institusjonane maktar ikkje å utvikle arbeidsdeling

Etter vekst i ungdomskulla fram til 2015, blir det nedgang

Lite utoverretta institusjonar

### **Utvalet sine svar og løysingar**

#### ***Struktur***

Utvalet drøftar fire modellar for framtidig institusjonsstruktur innafor høgere utdanning:

- ”Flercampusmodellen» innebærer at det i de ulike delene av landet skapes integrerte flercampus-universiteter der universiteter og høyskoler i samme område fusjoneres.
- Den «binære» modellen eller «storhøyskolemodellen» innebærer at høyskolene i hver region/landsdel slås sammen og at de fleste universitetene fortsetter som i dag.

- «Nettverksmodellen» består i at universitetene og høyskolene i landsdelen knyttes sammen i et nettverk der siktemålet er å utvikle en arbeidsdeling blant annet når det gjelder mastergrader og doktorgradsutdanninger, mens institusjonene forblir selvstendige.
- «Prosess- og differensieringsmodellen» innebærer at institusjoner som ikke oppfyller visse minstekrav, pålegges å starte en prosess med sikte på å fusjonere med andre institusjoner, men holder det endelige utfallet åpent.”

Fleirtalet i utvalet konkluderar med at ” den beste løsningen for framtidig organisering av norsk høyere utdanning vil være å kombinere elementer fra flercampusmodellen og prosess- og differensieringsmodellen. Fleirtalet gjer framlegg om at:

1. ”All statlig høyere utdanning i Norge samles i 8– 10 flercampusuniversiteter med tyngdepunkt i ulike deler av landet.
2. Institusjonene etter sonderinger seg i mellom vurderer hvem de vil slå sammen med. Dette skjer på basis av blant annet geografi, profil, strategi og størrelse.
3. Institusjonene fremmer forslag til Kunnskapsdepartementet innen 1. januar 2010 om hvilke institusjoner de vil slå seg sammen med. Regjeringen tar stilling til den endelige institusjonsstrukturen. Sammenslåingene iverksettes så snart som mulig.”

HVO støttar ikkje fleirtalet i utvalet sitt framlegg om ein fleircampusmodell. Ein slik modell har innebygt for mange motsetnader: geografiske, faglege, kulturelle. Det ein i røynda gjer, er å delegere mynde til upolitiske universitetsstyre å fordele oppgåver og ressursar, og å ta stilling til t.d. nedlegging av studiestader. Dette vil først og fremt verte politiske spørsmål. Og med det potensiale for motsetnader som finst innanfor ein slik regional modell, vil ein mest truleg aktivisere politiske aktørar knytt til dei ulike studiestadene. Det er urealistisk å tru at eit upolitisk styre maktar å fordele oppgåver og ressursar innafor slike typar organisasjonar utan at dei politiske krefter i regionen blir aktiviserte. Det viser erfaringa frå helsereforma der omstridde strukturvedtak som regel blir anka inn til departementet eller blir gjenstand for spørsmål og debatt i Stortinget.

Det kan og vere fare for at ein utviklar sentrum-periferi-motsetnader i slike modellar. Det kan vere grunn til å frykte fagleg utarming av periferien ved at dei små høgskulane blir filialar med hovudvekt på bachelorutdanningane som skal levere kandidatar til master- og doktorgradsutdanningane til dei sentrale einingane. Dette vil vere uheldig, og kan snu den gode utviklinga vi har sett på mange mindre høgskular. Dersom ein mistar masterutdanningane, vil ein truleg få problem med å rekruttere toppkvalifiserte fagfolk.

Samanslåing til store regionale universitetseiningar, som utvalet foreslår, kan kanskje løyse nokre av problema knytt til fagleg arbeidsdeling og kapasitetsutnytting, men det er urealistisk å tru at upolitiske regionale styre skal få til meir styring enn det dei sentrale styremaktene kan få til. Det vil framleis vere naudsynt med politiske vurderingar og tiltak på nasjonalt nivå, knytt til dimensjonering, fordeling av ressursar og behov for profesjons- og bachelorutdanningar, og i høve til topputdanningar og satsing på spesielle utdanningar med få studentar.

Mindretalet i utvalet, Marianne Harg, seier at ”*Omfattende og unødvendige fusjonsprosesser er ikke svaret på utvalgets felles mål om bedre kvalitet*”. Ho viser til at det er vanskeleg å oppnå faglege synergjar ved slike samanslåingar og at faglege og kulturelle motsetnader kan bli skjerpa. Dessutan vil avstanden mellom styrande organ og fagmiljø bli større, noko som kan gjere styring meir vanskeleg. Som alternativ framhevar Harg styrking av *faglege* nettverk gjennom forpliktande avtalar og finansieringsordningar som stimulerer utvikling av slike nettverk. HVO deler denne vurderinga og meiner at løysinga både på kapasitets- og kvalitetsspørsmål er å finne i sterkare *nasjonal* politisk styring, ikkje gjennom regionale universitetsstyre. Nettverkssamarbeid mellom universitet og

høgskular er under utvikling fleire stader i landet. Gjennom slike forpliktande nettverk kan ein få til ei betre arbeidsdeling mellom institusjonane. Men ein må leggje til rette for at slike nettverk kan utvikle seg positivt ved å innføre høvelege insentiv. HVO har også problem med å sjå at slike store fusjonerte institusjonar fortener karakteristikkar som slagkraftige, dynamiske og fleksible. Det finst lite dokumentasjon på det. Mange høgskular er profilerte gjennom namn og studiestad, og integrering i store regionale einingar vil kunne gi uklare referansar og omdøme, og svekke studentar og fagmiljø sin identifikasjon med institusjonen.

HVO går inn for nettverksmodellen og meiner at eventuelle samanslåingar må vere frivillige.

#### *Akkreditering for å bli universitet*

HVO støttar fleirtalet sitt framlegg om at kriteria for å bli universitet slik at institusjonar som har sjølvstendig rett til å tildele ein doktorgrad og har minst 5000 studentar, kan bli universitet.

#### *Styring*

Utvalet gjer framlegg om å lovfeste einskapleg leiing, å sidestille valt og tilsett rektor og at rektor skal vere medlem av styret uavhengig av om vedkomande er valt eller tilsett. HVO vil vise til at det berre er nokre få år sidan vi hadde ein omfattande diskusjon om styring og leiing i universitets- og høgskulesektoren i samband med Ryssdalutvalet si innstilling. Den gongen gjekk 85% av høyringsinstansane inn for dagens modell med valfridom. Modellen er såleis godt forankra i sektoren. Lova vart endra i 2005 og har berre verka i kort tid. Det er for tidleg å oppsummere erfaringane med dagens ordning. Den bør få verke ei tid framover. HVO ser difor ikkje at det grunn til å gjere endringar når det gjeld styring og leiing no.

#### *Finansieringssystemet*

Utvalet gjer framlegg om at hovudtrekka i dagens finansieringsmodell blir ført vidare, men med følgjande endringar:

- ”Dagens historisk baserte basiskomponent dekomponeres med synlige kostnadsbærere så langt det er mulig.
- Den strategiske forskningskomponenten videreføres på omtrent samme nivå som i dag, men brukes reelt strategisk.
- Det innføres en strategisk undervisningsbevilgning i finansieringssystemet med omtrent samme omfang som den strategiske forskningsbevilgningen. Basisbevilgningen og de resultatbaserte bevilgningene reduseres tilsvarende.
- Det innføres et system med avtaler mellom institusjonene og Kunnskapsdepartementet for å styrke langsiktigheten i virksomheten. Avtalene kan ha et tidsperspektiv på 3–4 år. De vil ikke være juridisk forpliktende, men være et uttrykk for gjensidige forventninger og kunne få konsekvenser for senere budsjettildelinger.
- Utvalget mener at måloppnåelse om 3–4 år bør legges til grunn med de forbehold som bevilgningsvedtak og budsjettermin begrenset til ett år medfører.
- Bruk av evalueringer som en del av grunnlaget for tildeling av forskningsbevilgninger bør vurderes på sikt.”

Utvalet meiner at innslaget av resultatbaserte element i finansieringssystemet helst bør reduserast. Det foreslår difor ikkje ein resultatindikator for kunstnarleg utviklingsarbeid. Argumentet for det er at fleire element vil bidra til å gjere systemet meir komplekst og lite oversiktleleg.

Framlegget frå utvalet fører til at den resultatbaserte finansieringa blir noko svekka. HVO deler dette synet. Det har vore for mykje dynamikk i dagens ordning, men dei uheldige følgjene vert lett overdrivne. Systemet stimulerer til organisering og undervising i store grupper, men ikkje til å opprette nye studium. Når det gjeld etableringa av nye studium, er dei først og fremst drivne fram av

faglege grunnar, ikkje økonomiske. Dette gjeld spesielt masterstudium, jf avsnittet om situasjonsvurdering. Dersom ein ønskjer å regulere talet på studium, kan ein etablere insentiv som stimulerer til samarbeid mellom institusjonar.

HVO støttar også framlegget om ein strategisk undervisningskomponent. Den kan stimulere til betre samarbeid mellom institusjonane og mellom institusjonane og det regionale/lokale arbeidslivet. Men vi er usamd i framlegget til finansiering av denne komponenten. Det er sterkt behov for å styrke basisløyvingane til sektoren og å gjere dei meir føreseielege. Difor må denne nye komponenten finansierast med friske midlar.

Dagens basisløyving er i praksis ein historisk gitt restkategori som er vanskeleg å forstå.

Departementet er ikkje i stand til å forklare dei store skilnadene mellom basisløyvingane for dei enkelte institusjonane. HVO er samd i det må ryddast opp i dette ved å synleggjere komponentane i basisløyvinga. I dag er det svært store ulikskapar mellom institusjonane i basisløyving pr student.

Dersom ein ikkje kan gi gode saklege grunnar for at det skal vere slik, må dei utjamnast.

Tanken om avtalar med eit tidsperspektiv på 3-4 år er god, men så lenge vi berre har eittårige

budsjettperiodar, er det ikkje lett å få til dette i praksis. Ein må unngå at dette berre blir meirbelastning utan større nytteverdi. Eit godt innretta mål- og rapporteringsstyringssystem med langsiktige og overordna mål kan vere betre eigna til å ta vare på det langsiktige perspektivet.

HVO meiner det er behov for gode insentiv til fagleg utvikling og aktivitet innan kunst og kulturfag, t.d. innanfor førskule- og lærarutdanning. Det er eit mistilhøve mellom den statlege satsinga på kvalitet i kunst og kultur i t.d. "Den kulturelle skolesekken" og manglande satsing på desse felta i opplæringa.

HVO vil og peike på at dagens ordning tek lite omsyn til praksiskostnadene i lærarutdanningane.

Utvalet problematiserer ikkje at praksiskostnadene er underfinansierte på nasjonalt nivå.

#### *Forskarutdanning*

Mange doktorgradsstudentar i dag høyrer til små og fragmenterte miljø, og gjennomstrøyminga er for dårleg. Utvalet gjer framlegg om at forskarutdanninga i Norge normalt skal skje innafør strukturerte forskarskular som oppfyller minstekrav til tal studentar, tal rettleiarar, kurstilbod og seminarverksemd.

Slike forskarskular kan vere organiserte innafør eit fakultet, som tverrfakultære program eller som nettverk på tvers av institusjonar. Program på tvers av institusjonar bør

organisert med bakgrunn i forpliktande avtalar og koordinerande organ forankra på institusjonsnivå.

HVO støttar framlegget om forskarskular og at det må setjast av eigne satsingsmidlar for å få dei opp å gå. Det er viktig å ta omsyn til behova til dei store profesjonsutdanningane i høgskulane når ein

organiserer slike forskarskular. Alle institusjonane som deltek i nettverksskular må vere likeverdige, men fagleg og administrativt bør skulane forankrast i ein institusjon. Heimeinstitusjonen bør også stille opp med ressursar i forskarutdanninga som rettleiing, oppfølging og liknande.

Doktorgradsstipendiatane må få halde på tilknyttinga til sin institusjon. Sjølve organiseringa av forskarskulane er viktig for høgskulane. Skulane må difor organiserast i form av intensive samlingar, ikkje semesterlange kurs.

#### *Omsynet til konsentrert satsing innan forskning*

Utvalet drøfter i kap. 13 kva strategiar som kan sikre at Norge har utdannings- og forskingsmiljø på høgt internasjonalt nivå og ser fire moglege hovudstrategiar:

- "Å tilføre økte ressursar til institusjonene generelt og la dem fortsette å konkurrere seg i mellom om å utvikle seg til et internasjonalt toppuniversitet.
- Å peke ut ett av de eksisterende universitetene som nasjonalt toppuniversitet.
- Å etablere et hierarki mellom de eksisterende universitetene, der de gis særlige vilkår på spesifiserte, ulike områder.

- Å videreføre ordningen med Sentre for fremragende forskning, eventuelt styrke og utvikle den videre.”

Utvalet tilrår ikkje noko nasjonalt toppuniversitet, men peiker på at det finst framifrå forskingsmiljø ved mange institusjonar. Det går difor inn for å videreføre og bygge ut ordninga med sentre for framifrå forskning. I tillegg meiner utvalet at: ” Det bør skje en målrettet styrking av nasjonalt prioriterte forskningsområder ved de ulike universitetene gjennom langsiktige avtaler for å sikre og styrke forskningsmiljøer på områder der Norge bør ligge langt framme internasjonalt.”

HVO deler utvalet sin skepsis til tanken om eit eliteuniversitet. Internasjonalt sett sterke og leiande fagmiljø bør, på utvalde område, kunne utviklast ved alle dei etablerte universiteta. HVO meiner difor at ordninga med sentre for framifrå forskning bør videreførast og styrkast.

#### *Kvalitet i profesjonsutdanningane*

Utvalet har gått gjennom evalueringar av fleire profesjonsutdanningar og meiner at: ”studiekvaliteten er ofte for lav, kompetansen til de ansatte svarer ikke til lovens forventninger, og FoU-virksomheten er for lav og produserer ikke tilstrekkelig kunnskap om de yrkesutfordringene og yrkesfeltene som utdanningane skal kvalifisere til.”

Utvalet meiner det er behov for tiltak som kan heve kvaliteten i praksisperiodane. Praksisopplæringa bør i større grad sidestillast med opplæringa ved utdanningsinstitusjonane som kvalifiseringsarena. Det vil og ha tiltak som kan styrke den formelle kompetanse til personalet. Utvalet gjer framlegg om at KD tar initiativ til eit program for kompetaneheving med eit omfang på 50-100 mill kroner i året. Midlane bør konsentrerast til eit utval fagmiljø. Ein bør og vurdere eigne sentra for framifrå profesjonsutdanning for å heve utdanningane sin status.

HVO deler utvalet si bekymring for kvaliteten i dei korte profesjonsutdanningane og er positive til dei tiltaka som utvalet gjer framlegg om. Det gjeld kompetanseheving av tilsette, oppretting av sentre for framifrå profesjonsutdanning, og meir fokus på praksis og profesjonsretta forskning. Men igjen er det spørsmål om å få til finansieringsmåtar som premierer praksisnær forskning, undervisning og rettleiing med mål å utvikle studentane sine kvalitetar som yrkesutøvarar. Ein viktig del av dette er også tilrettelegging og finansiering av praksisplassar. Vi meiner det er feil at satsinga skal konsentrerast til berre eit fåtal institusjonar, snarare meiner vi at midlane må nyttast til å heve kompetansen innan alle kortvarige profesjonsutdanningar og spesielt i distrikta. Like eins må midlane nyttast til å vidareutvikle profesjonsutdanningane spesielt i forhold til dei store rekrutterings- og etter- og vidareutdanningsutfordringane i samfunnet.

#### *Rammeplanar*

Utvalet er kritisk til nasjonale rammeplanar og gjer framlegg om å avskaffe dei: ”I tråd med vekten på faglig autonomi i Kvalitetsreformen mener utvalget at det skal sterke grunner til for at samfunnet skal gripe direkte inn og regulere innholdet i en utdanning. Bruken av nasjonale rammeplaner bør derfor avskaffes, eventuelt reduseres til et minimum. Nødvendig koordinering kan i stedet skje gjennom de faglige rådsorganene under Universitets- og høgskolerådet.”

Når det gjeld rammeplanar er HVO samd i at fagmiljøa bør ha innverknad på innhaldet i profesjonsutdanningane. Men dette må balanserast mot behovet for eit minimum av felles fagleg plattform. Vi meiner at mindre detaljerte føringar og romslege ordningar knytt til forsøk og spesielle faglege opplegg, vil imøtekome behovet for institusjonsprofilering og utnytting av spesiell fagleg kompetanse i desse utdanningane. Ei spesiell utfordring er og mellom anna kravet om praksis i profesjonsutdanningane

#### *Institusjonane sin autonomi*



Som nemnt i mandatet skal institusjonane framleis ha høg grad av sjølvstyre. Spørsmålet er om ein kan kombinere dette med meir politisk styring. Utvalet meiner det nødvendig med eit noko sterkare element av statleg styring og viser til framlegga om endringar i finansieringssystemet.

Både i ein regionalpolitisk og utdanningspolitisk samanheng har vi sett både positive og negative verknader av det noverande systemet. Dei positive er knytte til at systemet med etablering og drift av utdanningar er meir fleksibelt enn før. Dei negative er vesentleg knytt til at det er vanskeleg å få til samarbeid på tvers av institusjonar, at systemet fremjar satsing på enkle og billige utdanningar framføre dei nyskapande og kostnadskrevjande. Tilsvarande ser vi at svak søknad til viktige utdanningar kan føre til at gode fagmiljø blir nedlagde, og det vil bli vanskeleg å byggje desse opp igjen under andre marknadstilhøve. Ein viktig del av nødvendig nasjonal styring er at departementet sørgjer for insentiv til enkelte institusjonar for å oppretthalde ein beredskap for utdanning til yrke som vi veit det blir behov for i framtida. HVO er positiv til noko meir politisk styring og meiner at dei føreslegne endringane i finansieringssystemet tek vare på dette omsynet. HVO meiner at dagens lover og reglar gir grunnlag for å få til ein god balanse mellom nasjonal styring og institusjonelt sjølvstende. Utviklinga av felles system for mål- og resultatstyring dei siste åra er positiv, men det må ikkje utvikle seg til meir detaljstyring av institusjonane.

#### *Regional rolle*

Utvalet drøfter institusjonane si regionale rolle og viser til framlegget om å innføre ein strategisk komponent i finansieringssystemet som kan stimulere til auka samarbeid med regionalt arbeidsliv, utvikling av nærings –phd og at det bør etablerast indikatorar og verkty for rapportering, evaluering og oppfølging på området regional utvikling.

Samla sett har den faglege staben ved dei statlege høgskulane lågare formell kompetanse enn på universiteta og dei vitskapelege høgskulane. Dersom høgskulane skal bli meir attraktive samarbeidspartnarar for det regionale og lokale arbeidslivet, trengst det auka satsing på kompetanseutvikling. Utvalet sitt framlegg om eit program for kompetanseheving i profesjonsutdanningane kan også sjåast på som eit tiltak for å styrke institusjonane si regionale rolle. Men sidan det er retta mot tilsette i dei kortare profesjonsutdanningane, vil det ikkje nå alle. HVO meiner difor at det bør etablerast eit eige økonomisk tilskot i ein femårs periode som kan styrke institusjonane si rolle som ein viktig regional aktør. Dette virkemidlet bør ha ei brei innretning tilpassa dei spesifikke regionale behova, og middelbruken bør vere i samsvar med planar utvikla i partnerskap mellom høgskule og samfunnsliv.

HVO er skeptisk til at det skal etablerast indikatorar og verkty for rapportering, evaluering og oppfølging på regional utvikling. Grensa for rapportering er truleg nådd. Institusjonane rapporterer i dag aktivitetane på dette området under sektormål 3 i målstyringssystemet. Det burde vere tilstrekkeleg. Det viktige her er at ein etablerer økonomiske insentiv som kan stimulere til betre samarbeid mellom institusjonane og regionane.